

---

**Fra:** Olav Magne Tonstad [mailto:omt@ha.kommune.no]

**Sendt:** 20. oktober 2014 17:38

**Til:** Postmottak LMD

**Emne:** Uttale til forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Det Kongelige Landbruks- og Matdepartementet  
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
14/28613 OMT

Arkivkode  
V13

Dato  
20.10.2014

## Uttale til forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Rådmannen viser til høyringsnotatet datert 9. juli 2014. Kommunen har merknader til forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

Rådmannen er samd med departementet i at regelverket på fleire område vil føre til forenklingar, så som:

- Samle fleire forskrifter i ei felles forskrift.
- Fjerning av eigarskapsbegrensningar, sjølv om dette kan føre til at ein person kan etablere fleire føretak.
- Likestille enkeltføretak med aksjeselskap og selskap med delt ansvar og begrensa ansvar.
- Fjerning av særbestemmingane for samdrifter.
- Opning for at fleire føretak som inngår i ei felles verksemd, kan gis sjølvstendige tilskot dersom det samla tilskotet til alle føretaka ikkje overstig det dei ville fått i tilskot dersom dei leverte inn ein felles søknad. Så langt vi forstår regelverket vill dette gjelde for alle føretak som søker tilskot til utandørs planteproduksjon, i tillegg til enkelte andre føretak.

På den andre sida meiner rådmannen at deler av regelverket vil bli meir komplisert og føre til meirarbeid for forvaltninga. Eksempel på dette er:

- Meir komplisert regelverk for vurdering av driftsfellesskap mellom føretak.
- Miljøkrav om å ha «et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning mot vassdrag eller kanal med årssikker vannføring». Her er det mange upresise krav som vil gjere det vanskeleg å kontrollere denne regelen.

### Komplisert regelverk kan truge rettstryggleiken

Kompliserte reglar for driftsfellesskap vil også føre til at regelverket vert mindre forutsigbart, og vanskelegare å forstå for bøndene. Etter rådmannen si vurdering har bøndene fått eit meir komplisert regelverk om driftsfellesskap, der brot på regelverket kan få store

økonomiske konsekvensar. Det er mest utfordringar for bønder som driv med husdyr. Avgjerdene må i stor grad basere seg på skjønnsmessige vurderingar. Det er grunn til å stille spørsmål ved at skjønnsmessige vurderingar til forvaltninga kan føre til opp mot 100 prosent avkorting, det vil seie at heile tilskotet blir trekt inn. Det vil vere arbeidskrevjande og kompliserte vurderingar og vanskeleg å avgjere kor grensa går mellom kva som er driftsfellesskap og kva som ikkje er det. Rådmannen meiner at det kan stillast spørsmål om rettstryggleiken til bøndene er ivareteken på ein god måte. Rådmannen meiner at det er ikkje ønskeleg med eit regelverk som fører til så mange skjønnsmessige vurderingar som dette regelverket legg opp til.

### **Grunnvilkår (§ 2)**

For å kunne søke tilskot er det mellom anna krav om å drive vanleg jordbruksproduksjon, der det vert stilt krav til kalvingsintervall, gjennomsnittleg mjølkeavdrått, krav til at beita vert utnytta, omsetjing av jordbruksprodukt, som står i samsvar med areal og dyretal som det blir søkt tilskot for, etc. Vi er samd i at det vert stilt produksjonsmessige krav til drifta, samstundes som vi registrerer at det kan bli vanskeleg å kontrollere alle desse krava.

### **Urealistiske reglar for beitetilskot (§ 3)**

Rådmannen meiner at det er overraskande og underleg at departementet fører vidare det strenge kravet til grovfôrinntak og lang beitetid etter at departementet i 10 år har stimulert til lausdrift og robot. Likevel har ein eit regelverk for beitetilskot som er tilpassa drift med båsfjøs, der kyrne går ute og beiter heile dagen. Med stadig fleire kyr i lausdriftsfjøs er det urealistisk med så høgt beiteopptak i løpet av beitesesongen. Det bør vere tilstrekkeleg med å ha kyrne ute i 12 veker, og kravet til grovfôropptak ved beiting ute bør også reduserast. Poenget bør vere at kyrne kjem seg ut på beite om sommaren. Det bør vere underordna om kyrne et graset direkte frå beitet, eller om dei et ferskt gras som er hausta. Reglane for beitetilskot bør tilpassast den moderne forma for mjølkeproduksjon med lausdrift og robotmjølking og ikkje minst høgtytande mjølkekyr. Det strenge kravet for å få beitetilskot vil sannsynlegvis føre til at færre kyr kjem seg ut på beite.

### **Krav til aktiv drift (§ 4)**

For å få areal- og kulturlandskapstilskot er kravet at dyrka jord og innmarksbeite vert drive **aktivt**, som er ei innskjerping av dagens krav der det står at jordbruksareala skal «*driftes og beites*». Bonden kan risikere å få trekk i tilskotet dersom han driv jorda ekstensivt, eller det er for dårleg avbeiting av beita. Rådmannen er einig i desse krava til aktiv drift, men registrerer at det kan bli vanskeleg å kontrollere om krava blir oppfylt.

### **Må har gjødslingsplan og sprøytejournal (§ 4)**

Rådmannen er einig i at føretaka må ha gjødslingsplan og at det må førast sprøytejournal. Men vi er usikre på at dette skal vere eit vilkår for å få tilskot. Det kan få store økonomiske konsekvensar for føretaka. Drifta på garden kan vere miljøvennleg, sjølv om bøndene ikkje har alt det formelle på plass. Rådmannen er derfor meir tilhengar av vidareføring av dagens regelverk med standardiserte trekk.

### **Inngrep i kulturlandskapet (§ 4)**

Det er også eit vilkår at bonden ikkje føretekk inngrep som øydelegg kulturlandskapet, med mindre det er gitt særskilt løyve etter anna regelverk. Her må det sannsynlegvis kome ei presisering i forskrifta, ettersom det er fleire inngrep i kulturlandskapet som bonden kan utføre, og som ikkje krev løyve etter anna regelverk. Eksempel på dette er fjerning av steingardar, åkerholmar, rydningsrøyser, gamle ferdselsårer, etc.

### **Upresise krav til vegetasjonsbelte (§ 4)**

For å få areal- og kulturlandskapstilskot må føretaket også ha eit «*begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning mot vassdrag eller kanal med årssikker vannføring.*» Vegetasjonsbeltet kan ikkje jordarbeidast, men dei kan haustast. Her er det

fleire upresise krav som **«begrenset, naturlig, motvirker avrenning og årssikker vannføring,»** som vil gjere det vanskeleg og ikkje minst arbeidskrevjande å kontrollere om vilkåret er oppfylt. Det er derfor nødvendig å presisere krava til vegetasjonsbelte i den endelege forskrifta.

### **Avløysarreglane (§ 6)**

Departementet føreslår at avløysartenester kan kjøpast frå andre føretak enn avløysarlag eller avløysarring. Dette kan føre til konkurranse om formidling av avløysartenester, og i neste omgang gjere det vanskelegare for avløysarlagane å administrere landbruksvikarordninga. Rådmannen er usikker på om dette er fornuftig.

### **Ein bonde kan drive fleire føretak, men ... (§ 7)**

Rådmannen er einig i at regelen om **«felles eigarinteresser»** skapar unødvendige hindringar for å etablere nye produksjonar. Eigarskapsavgrensingane er derfor fjerna. Dette vil vere positivt for ein bonde som driv sitt eige føretak, samstundes som han er passiv medlem i andre selskap og føretak, som for eksempel eit aksjeselskap.

På den andre sida kan det bli meir fristande for bonden å etablere slike føretak for å kunne hente ut meir tilskot. Såkalla tilskotstilpassing. Eigarskap til fleire føretak vil inngå i vurderinga av om det er driftsfellesskap mellom dei ulike føretaka. Landbruksmyndigheitene vil vere på vakt dersom ein bonde søker tilskot til fleire føretak. Utgangspunktet vil vere at dersom ein person åleine driv to føretak, blir dette normalt rekna som driftsfellesskap. For å få tilskot til to føretak, må derfor drifta vere klart atskilt. Dette bør kome langt klarare fram i forskrifta.

Departementet understrekar at driftsfellesskap ikkje berre gjeld **samarbeid** mellom ulike føretak, men også **oppsplitting** av gardsdrifta i fleire føretak. Rådmannen er einig i dette, men dette burde også ha kome klarare fram i forskrifta.

### **Vanskelegare for samdriftene (§ 7)**

Rådmannen er samd i at unntaka og særreglane for samdriftene vert fjerna i det nye regelverket. Dette vil likestille samdrifter og enkeltføretak, sjølv om det vil gjere det vanskelegare for medlemmer i samdrifter å søkje eige tilskot på føretak som ikkje inngår i samdrifta, for eksempel der gris og sauer som kjem i tillegg. Der det berre er ein aktiv medlem i samdrifta, og dette medlemmet driv eit anna enkeltpersonføretak i tillegg, vil dette i utgangspunktet vere å sjå på som driftsfellesskap.

### **Konsekvensar av driftsfellesskap (§ 7)**

Dersom det vert oppdaga at fleire føretak har søkt om sjølvstendige tilskot, slik at det har oppstått driftsfellesskap, vil utgangspunktet framleis vere at det ikkje skal gjevast sjølvstendige tilskot til dei involverte føretaka. Men i motsetnad til i dag har departementet kome med forslag om å gje alle føretak som er i eit slikt driftsfellesskap, anledning til å få søknadane behandla under eitt. Det vil seie at dei skal få tilskot berekna for det samla talet på dyr og areal som dei ulike føretaka disponerer eller disponerte. Føretaka vil også få høve til å uttale seg før landbruksstyremaktene eventuelt fattar vedtak om driftsfellesskap.

### **Inkonsekvent regelverk (§ 7)**

Berekna felles tilskot vil deretter danne grunnlaget for vidare avkorting av tilskotet. Det verkar overraskande og inkonsekvent med ei så sterk avkorting på opptil 100 prosent etter at føretaka først er blitt invitert til å levere felles søknad. Tilbod om innlevering av felles søknad vil sannsynlegvis føre til forventningar om at føretaka i alle fall kan få behalda noko av tilskotet. Derfor vil felles søknad sannsynlegvis også bli akseptert, når alternativet er at heile tilskotet kan gå tapt. Men kva er hensikta med å kome med eit slikt tilbod, når utfallet likevel kan bli full avkorting.

Eit anna paradoks er at føretaka nødvendigvis vil argumentere for at dei ikkje samarbeider for nært, samstundes som dei ber om å få levert inn felles søknad. Sjølv om departementet understrekar at akseptering av å levere inn felles søknad ikkje inneber at føretaka erkjenner at dei er i eller det har vore driftsfellesskap, så vil det kunne oppfattast slik. Det kan derfor også vere vanskeleg for føretaka å klage på at forvaltninga har konstatert brot på reglane om driftsfellesskap. Eit anna spørsmål er kven som skal stå som søkjar av det felles føretaket. Bøndene har ikkje etablert noko felles selskap eller føretak.

### **Planteproduentar kan samarbeide (§ 7)**

I paragraf 7 fjerde ledd står det at «*Selv om flere foretak inngår i en felles virksomhet etter annet ledd, kan de likevel gis selvstendige tilskudd dersom foretakenes beregnede tilskudd ikke samlet overstiger hva de ville fått utmålt som én enhet.*» Slik vi forstår denne regelen betyr dette at bønder som driv med utandørs planteproduksjon, der det no er flat sats og heller ikkje toppavgrensing, kan samarbeide utan at det får konsekvensar for tilskotet. Dette fordi desse bøndene får ikkje meir tilskot ved å søkje kvar for seg. For veksthus produsentar vil framleis reglane om driftsfellesskap gjelde. Dette fordi det framleis er toppavgrensing for tilskot til tomat, agurk og andre veksthusproduksjonar. Bønder som samarbeider om veksthusproduksjonen kan derfor risikere å få avkorting i tilskotet, eller til og med miste heile tilskotet. Rådmannen er samd i denne endringa, men vil be departementet vurdere om det også bør gjelde for veksthusproduksjonar.

### **Få husdyrbønder som kan samarbeide om produksjonen (§ 7)**

Dei aller fleste bøndene som driv med husdyr må passe seg for å samarbeide for nært. Husdyrbønder kan i liten grad samarbeide med andre om drifta, og samstundes søkje kvar for seg. Dette avheng ikkje berre av husdyrtilskotet, men også av driftstilskotet, avløysartilskotet, husdyrkonsesjonsregelverket, etc.

### **Avkorting ved brot på regelverket (§ 11)**

Dersom føretaket «*uaktsomt eller forsetteleig*» driv eller har drive verksemda si i strid med reglane i denne forskrifta, skal heile eller deler av det samla tilskotet som «*tilfaller*» føretaket avkortast. Merk at det er det **samla tilskotet** som kan avkortast. Det er med andre ord ei streng straff for å bryte regelverket, ikkje minst i tilfella der avkortinga kjem som eit resultat av kompliserte skjønnsmessige avvegingar.

### **Avsluttande merknader**

Høyringsfristen går ut i dag. Med eit så komplisert regelverk er det grunn til å tru at det vil gå ei tid fram mot årsskiftet før departementet har klar den nye forskrifta. Det vil nødvendigvis bli kort tid for bøndene til å setje seg inn i dei nye reglane og til å tilpasse seg det nye regelverket. Rådmannen meiner derfor at departementet bør vurdere om iverksetting av forskrifta bør utsettast eitt år til 1. januar 2016.

Med helsing  
Hå kommune

Olav Magne Tonstad  
jordbruksjef  
**Kopi til:**

**Vedlegg:**

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*